

Storvik i Vågå



gard og slekt


Knut Raastad, mai 2023




Storviksgardane. Foto frå Unni og Terje Formo, Vågå historielags fotoarkiv.

Storviksroa

Dei tre Storviksgardane er gamle gardar som vart nemnde i skattelister fyrst på 1600-talet. Nordgard Storvik var på 2 huder pluss underliggjande kvern 1 hud, megarden var på 2 ½ huder, medan sygard var på 4 huder pluss underliggjande kvern på 1 hud. Heile området mellom Tessa og grensa mot Lom tilhørde i gammal tid Storviksgardane. I 1666 var Bård Jonson f.ca.1615 husmann på sygard, i 1723 hadde sygard to husmannsplassar. I 1666 var Anfin Hovelson husmann på megarden, også i 1723 hadde megarden ein husmannsplass. Nordgard hadde ein husmannsplass i 1723, det vart ikkje nemnd husmann i 1666. Etter kvart vart det mange husmannsplassar under Storvik. Husmannsplassane vart på 1900-talet utskilde som eigne bruk, desse har Kari Storvik skrivi om i boka «Brugrenda, Storviksroa, Nordi Nessom».



Gnr. 101 Storvik nordgard	side 4
Gnr. 102 Storvik megarden	side 11
Gnr. 103 Storvik sygard	side 16



På 1970- og 1980-talet vart det samla opplysningar til gards- og slektshistorie ved avskrifter av tingbøker samt systematisering av familiar frå kyrkjebøker og folketeljningar. Dette er tilgjengeleg på Opplandsarkivet avd. Vågå i Ullinsvin. Ved å bruke dette samt digitale grunnbøker, folketeljningar og kyrkjebøker kan ein setja saman opplysningar for kvar gard. Tinglysingar og skifter er mest knytte til matrikulerte bruk og i tidleg tid var det ikkje mange husmannsplassar. Mange har gjort ein del arbeid med systematisering av slekter, nemnast kan Pål Øystein Kvarberg som skreiv om slekter i Vågå og Lom og Kari Storvik som har skrivi fleire bøker. Det andre har funne kan brukast i staden for å gå til primærkjelder.

Namn på plassar og personar kan ha hatt ulike skrivemåtar, og det er i denne framstillinga ikkje brukt noko konsekvent rettskriving. Alder og fødselsår kan i kjeldene vera oppgjeve berre omtrentleg, dette fører til at årstal ikkje alltid er nøyaktige og dette er ikkje alltid forsøkt sjekka mot andre kjelder. Ellers vil det vera ein god del manglar om personar, meir undersøking av kjelder vil gje meir informasjon. Det er ønske om å få attendemelding om feil og manglar.

Gnr. 101

Storvik nordgard

Arne vart nemnd som leigending på Storvik frå 1610 til 1620. Arne Storvik var frå Snerle, son til Vagleik Snerle f.ca.1500. Arne Storvik var i 1615 eigar av 3 huder i Snerle og stod også i skattemanntalet i 1620. Arne hadde 3 sønner:

Mikkel, på Snerle
Mads, neste brukar
Jon, til Frisvoll i Lom

I 1624 var Mads Storvik leigending på Storvik og eigar av 1 hud i Snerle. Mads f.ca.1580 d.før 1629 vart ca.1618 gift med Eldri Jonsdotter Mo dotter til Jon Knutsen Mo. Eldri vart truleg ca.1630 gift på nytt med ein Rasmus som var brukar på Storvik i 1645. Mads og Eldri hadde truleg 2 sønner:

Ola, g.m. Anne Halvorsdtr. som fyrst var gift med Arne Jonsen Frisvoll. Til Frisvoll.
Arne f.ca.1617, neste brukar

I 1666 og 1668 var Arne Madsen brukar av nordgard Storvik som utgjorde 3 huder inkl. ei underliggjande kvern. Eigar av garden var i 1668 barna etter Christen Mogensen. Arne Matzsøn f.ca.1617 hadde sonen:

Mats f.ca.1657 d.ca.1706, neste brukar

Skifte i 1691 viser at Mads Arnesen tidlegare hadde kjøpt Storvik 3 huder. Salg av odels- og åsætesrett i 1740 viser at presten Henning Munch og hustru Anne Glostrup har vore eigar i 1686. Mads Arnesen var gift med Marit Arnesdotter f.ca.1665 d.ca.1691, dei hadde 2 barn:

Arne f.ca.1686
Marit f.ca.1687, neste brukar

Marit Madsdotter Storvik f.1687 d.etter 1743. Ho var gift med Jon Knutsen Holbø s. f.ca.1665 d.1745, son til Knut Olsen Holbø og Rønnoug Jonsdtr. Kleppe s. Marit og Jon overtok Storvik i 1706 med transport frå andre arvingar av 1 hud 7 skinn i Storvik i 1720. Matrikelutkastet 1723 nemnde Jon Knutsen som eigar av heile eiedommen 3 huder, sjølve garden 2 huder og kvern 1 hud. Marit og Jon hadde 7 barn:

Mads f.ca.1709 d.1745, g.m. Ane Hansd. f.ca.1698 d.1788, dei hadde sonen Jon f.1739
Rønnaug f.1711, neste brukar
Arne f.1712
Marit f.1715, g.m. Amund Aslaksen Visdal
Ole 1717-1793, kjøpte Stokstad midtre i 1780
Hans f.1720
Jon f.1723



Nordgard Storvik. Foto frå Unni og Terje Formo, Vågå historielags fotoarkiv.

Rønnaug Jonsdotter Storvik f.1711 var gift med Hans Knutsen s. Storvik f.1713, son til Knut Olsen Storvik 1670-1752 og Rønnaug Christensdr. Fellese 1670-1746. Rønnaug og Hans fekk skjøte på Storvik i 1743 frå syskjena til Rønnaug for 250 rd. I 1740 kjøpte Hans odels- og åsætesretten frå Eggert Stochfleth. Rønnaug og Hans 4 barn:

Jon 1744-1816, neste brukar

Knut f.ca.1747

Christen f.ca.1750, g.m. Rannei Olsdr. Rusnes

Marit

Jon 1744-1816 fekk i 1778 skjøte frå faren på nordre Storvik 3 huder for 700 rd. Jon var gift med Ingrid Eriksdotter Andvord 1753-1842, dotter til Erik Larsen Andvord f.ca.1720 d.1772 og Torø Rasmusdr. Glimsdal f.ca.1724 d.1807 (Torø g.2. med Anders Viborg 1747-1808).

Jon og Ingrid hadde 11 barn:

Hans 1770-1797, ugift

Erik f.1772, g.1823 m. Marit Eriksdr. Store-Eide (Folldal) f.1801, til Grønbakken i Drivdalen

Anders Viborg 1775-1830, neste eigar

Jon 1777-1800

Knut f.1779 d.før 1780

Knut f.1780, g.1806 m. Sigrid Larsdr. Hjerkin 1787-1822, til Hjerkin

Rasmus f.1782, død før 1842

Toline Bastine 1784-1866, g.1803 m. Ole Erlandsen Aabakken 1779-1866
Ingrid 1786-1866, g.m. Bertil Olsen Grøna, Lom 1787-1866
Rønnaug 1788-1864, g.1813 m. Jens Johannessen Lundeløkken 1773-1851, til Øiseie og
Stokstad
Kari 1792-1864, g.m. Erland Iversen Klokkargarden 1795-1860, på Flatåsen

Anders Viborg Jonsen Storvik 1775-1830 overtok nordgard Storvik frå faren i 1802 for 800 rd., men i 1810 makeskifta han Storvik mot Gardsøy. Anders vart nemnd som klokkar i Sør-Fron i 1802, 1806 og 1810. Anders var gift med Anne Amundsdr. Kjørstad f.1785, dei hadde 1 barn:

Amund f.1800

Ole Tordsen Harildstad 1758-1831 på Gardsøy overtok nordgard Storvik i 1810, han vart 1780 gift med Anne Larsdotter øvre Øy 1763-1850. Sonen Tord 1780-1838 overtok nordgard Storvik frå faren same året. Tord var gift med Kari Olsdotter Lunde nig. 1758-1822, og gift på nytt med Anne Pålsdr. Storvikseie f.1798. Tord var føderådsmann på Storvik da han døyde i 1838.

Pål Olsen Gardsøy 1799-1842, overtok nordgard Storvik etter broren i 1825 for 1400 spd. Han var gift med Anne Christensdr. Ellingsbø 1801-1866 dotter til Christen Christensen Ellingsbø f.1769 og Kari Torgeirsdr. Graupe Heringstad 1776-1833. Pål og Anne hadde 6 barn:

Anne 1827-1916, g.1850 m. Ole Olsen Austrem n. 1825-1888

Tor 1830-1918, ugift

Christen f.1833, g.m. Marit Pålsdr. Harildstad s f.1840, til Ellingsbø

Ola 1835-1835

Ola 1836-1910, ugift

Kari 1840-1920, neste brukar

Kari 1840-1920 var gift med Iver Johannessen Sandnes s. 1821-1885 son til Johannes Syversen Sandnes 1781-1873 og Gunhild Ivarsdr. Viste nordgard 1780-1877. Iver fekk i 1865 skjøte på Storvik frå svigermora for 1846 spd. Kari og Iver hadde 5 barn:

Anton 1869-1949, g.m. Ella Christiane Wolff 1875-1934

Iver 1874-1953, neste brukar

Gunhild 1876-1950, g.m. Guttorm Olsen Gjesling Sandbo u-s 1876-1952

Anne f.1879, til USA

Pål f.1882, til USA

Iver 1874-1953 overtok Storvik i 1912 med skjøte frå mora for 9760 kr. Han var gift med Thora Gudrun Augustdotter Andersen, Spydeberg 1902-1995. I 1929 vart det tinglyst forpaktingskontrakt til Peder J Ness, kontrakta vart avlyst i 1935. Iver og Gudrun hadde 1 barn:

Kari f.1922, neste brukar



Nordgard Storvik. Foto frå Unni og Terje Formo, Vågå historielags fotoarkiv.

Kari f.1922 vart 1948 gift med Knut Kristensen Lund f.1924, son til Kristen Lund og Anne Vole. Kari og Knut overtok Storvik med skjøte i 1951. Kari og Knut hadde 3 barn:

Kåre f.1949, neste brukar

Grete f.1952, g.m.Jon Sjurgard

Åse f.1956, g.m. Steinar Ringen

Kåre Lund overtok Storvik med skjøte i 1980. Han vart 1977 gift med Mari Else Graffer, Nørstnes i Lom f.1953 dotter til Jon Graffer f.1923 og Janfrid Gran f.1923. Kåre og Mari Else har 3 barn:

Kari f.1979

Ingrid f.1983, neste brukar

Kristen f.1986

Ingrid er gift med Kjell Magne Marstein, dei overtok Storvik i 2017. Dei har 3 barn:

Signe f.2012

Elise f.2015

Iver f.2018

Ottadalsvegen 4044. Jakob Synslie fekk i 1955 feste på ca. 1,5 mål tomt gnr. 101 bnr. 1 festnr. 1 frå Knut Lund. Feste nr. 5 er campinghytter.

Ottadalsvegen 4042. Erling Brimi fekk i 1955 feste frå Knut Lund på tomt gnr. 101 bnr. 1 f.nr. 2, nå gnr. 101 bnr. 46.

Spissen gnr. 101 bnr. 30, Storviksroe 55. Tomta vart frådelt i 1975 med festekontrakt frå Knut Lund til Ola Løken.

Storviksroe 61. Ola Mork fekk i 1966 feste frå Knut Lund på tomt gnr. 101 bnr. 1 f.nr. 3, nå gnr. 101 bnr. 48.

Storviksøygarden (Løvmo) gnr. 101 bnr. 3 vart frådelt frå nordgard Storvik i 1900 med skjøte tinglyst i 1901 til Nils Nilsen Lilleodden for kr 4000. I 1916 var det skjøte frå Torø Eriksdotter Storviksødegård til svigeronen Mathias H Kleiven d.1950 for kr 1100 inkl. lausøyre. I 1950 fekk ektefelle Marit Kleiven heimel ved uskifte. Same året var det skjøte frå Marit Kleiven til dottera Olga Nilsen f.1922 og mannen hennar Erling Nilsen f.1923 for kr 3000 inkl. lausøyre pluss føderåd.

Løvli bnr. 18 Storviksroe 381 vart frådelt i 1961 med skjøte til Hans M Kleiven, i 1983 var det skjøte til Harald Nilsen.

Viem gnr. 11 bnr. 6 vart frådelt frå Løvmo i 1915 med skjøte frå Torø Eriksdtr. Storviksøygard d.1945 til svigeronen Anders O Trolldalen for kr 1100. I 1916 var det skjøte frå Anders Trolldalen til sonen Nils A Trolldalen for kr 3500. I 1951 var det skjøte frå Nils Trolldalen til Hans Fyrun for kr 14000 herav lausøyre kr 3000 pluss føderåd. Seljaren var onkel til ektefelle Agnes Fyrun. I 1959 var det heimelsovergang frå Hans Fyrun til Agnes Fyrun (Bergli) ved skilsmisse. I 1990 var det skjøte til Liv Bakke f.1946.

Heimli gnr. 101 bnr. 31 Storviksroe 339 vart frådelt frå Viem i 1977 med skjøte i 1978 til Else Abrahamsen f.1948.

Viem 11 gnr. 101 bnr. 42 vart frådelt frå Viem i 1989 med skjøte til Mari Elise Bergli f.1968, dette var husa på Viem.

Neset nordre gnr. 101 bnr. 4 vart frådelt i 1900 med skjøte i 1920 frå Kari Storvik til Peder J Fluguhaugen for kr 800. I 1926 var det skjøte frå Peder Johnsen Neset og John E Fluguhaugen til John J Neset på denne eigedommen og Fluguhaugen gnr. 103 bnr. 1 for kr 5000 herav for lausøyre kr 2500 samt føderåd verdsett til kr 2500. I 1975 var det skjøte frå John J Neset f.1901 til sonen Kjell Neset f.1948

Bjørviken gnr. 11 bnr. 7 vart frådelt i 1918 med skjøte frå Iver Storvik til Iver Johnsen Bjørviken og hustru Margrethe for kr 2400. I 1928 var det skjøte frå Iva og Margrethe Bjørviken til John T Bakke for kr 5750 herav for lausøyre kr 1375. I 1963 var det skjøte frå John T Bakke til Edvin Martinus Bakke 1942-1968, enkja Mildrid Bakke fekk heimel ved uskifte i 1968.

Bjørviken II bnr. 23 vart frådelt i 1964.

Husehaugen gnr. 101 bnr. 8 vart frådelt i 1919 med skjøte i 1920 frå Iver Storvik til John I Bjørviken for kr 2600. I 1965 var det skjøte frå Jo Bjørviken til dottera Kari Ødegården og svigersonen Ola K Ødegården. I 1978 var det skjøte til Jørgen Kåre Ødegård f.1925. I 1990 var det skjøte til Arne Olav Brimi f.1957.

Haugli bnr. 13 vart frådelt frå Husehaugen i 1934 med skjøte frå Jo Bjørviken til Ole K Ødegården for kr 20. I 1978 var det skjøte til Gunhild Ødegården f.1931, Ola d.1983 og Kari Ødegård d.1988 skulle ha burett.

Utsikten bnr. 22 vart frådelt i 1962, **Utsikten II** bnr. 28 vart frådelt i 1972.

Storviksøygarden gnr. 101 bnr. 9 vart frådelt i 1919 med skjøte i 1920 frå Iver Storvik til Knut Torsen Storviksøygarden for kr 2000. I 1935 var det skjøte frå Anne Ødegården til Anton Helleløyken for kr 1600 pluss føderåd. I 1958 var det skjøte frå Anton Helleløyken til John J Bakke for denne eiedommen og gnr. 103 bnr. 14 Ruta for kr 6696 herav for lausøyre kr 3000 pluss føderåd til Anton og Marit (Ruta ovanfor vegen vart frådelt frå sygard Storvik i 1942 med skjøte i 1946). I 1983 var det skjøte til Joar Karsten Bakke f.1944 på denne eiedommen og gnr. 103 bnr. 14, John og Kari heldt att burett.

Bergset bnr. 29 Storviksroe 371 vart frådelt frå Storviksøygarden i 1972 med skjøte til Joar Bakke f.1944.

Granly gnr. 101 bnr. 33 Storviksroe 323 vart frådelt frå Storviksøygarden i 1979 med skjøte til Jorunn Kari Horten f.1953 og Sigmund Horten f.1953.

Bergli gnr. 101 bnr. 10 vart frådelt i 1924 med skjøte i 1925 frå Iver Storvik til Ola K Brænden for kr 2000. I 1961 var det skjøte frå Ola K Brænden til sonen Asbjørn Bergli og hustru Tora Bergli på denne eiedommen og gnr. 26 bnr. 18, Ola og hustru Elise heldt att burett.

Utsikten gnr. 101 bnr. 26 vart frådelt frå Bergli i 1971.

Sandbusteigen gnr. 101 bnr. 11 vart frådelt i 1926 med skjøte i 1929 frå Iver Storvik til Johannes J Sandbu for kr 2500. Sigurd O Nyhus overtok med skjøte i 1940 for kr 3100. I 1959 var det skjøte til Arne Treseng f.1917, i 1975 auksjonsskjøte til Sør-Gudbrandsdal sparebank.

Randen gnr. 101 bnr. 12 vart frådelt i 1927 med skjøte frå Iver Storvik til Fridtjof M Thorvaldsen for kr 5000. Mora Ingeborg Thorvaldsen d.1960 fekk i 1942 tinglyst føderåd frå Fridtjof Randen (Thorvaldsen). I 1961 var det skjøte frå Fridtjof Thorvaldsen til broren Olaf Randen f.1906. I 1962 var det skjøte frå Olaf Randen til svogeren Jo T Bakke f.1899. I 1966 var det skjøte frå Jo T Bakke til brorsonen Edvin Bakke 1942-1968. Ektefelle Mildrid Bakke overtok heimelen ved uskifte i 1968.

Sommerø. I 1938 vart det tinglyst festekontakt på ei stugutomt til Thorvalla Frydenlund, dette vart frådelt frå Randen i 1961 som gnr. 101 bnr. 20.

Solhaug gnr. 101 bnr. 19 vart frådelt i 1961.

Randen II bnr. 21 vart frådelt i 1962, dette var stugu og stabbur med tilhøyrande tomt som Olaf Randen heldt att.

Randabu II bnr. 32 vart frådelt i 1978.

Skogly bnr. 41 vart frådelt i 1989.

Pålstugu gnr. 101 bnr. 24 vart frådelt i 1967 med skjøte frå Knut Lund til Kristian Engen f.1926.

Pålsrud gnr. 101 bnr. 34 vart frådelt frå Pålstugu i 1980 med skjøte til Odd Engen f.1949.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, slektene på Einarsvoll, Kleppe og Tolstad mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Engebret Hougen, 1953: Ættesoge for Gudbrandsdalen I

Sigmund Hanslin: skattelister

Kari Storvik



Megarden og nordgard Storvik. Foto frå Unni og Terje Formo, Vågå historielags fotoarkiv.

Gnr. 102

Storvik megarden

Nils Storvik vart nemnd som leiglending på Storvik frå 1610 til 1623/1624.

I 1624 var Iver brukar på Storvik og har nok overteke det året. Koppskatten 1645 nemnde Iver Storvik. Namnet tilseier at han kan ha hatt dottera

Guri d.1680, neste brukar

Knut Jørgensen var i 1666 og 1668 brukar av megarden Storvik på 2 ½ huder, av dette eigde han sjølv 1 hud 3 skinn, 1 hud var også bondegods, medan Lesja prestebol eigde 3 skinn.

Knut Jørgensen Storrvik f.ca.1621 var gift med Guri Iverdotter d.1680, dei hadde 7 barn:

Iver, truleg neste brukar

Anne

Kjersti

Ingrid

Kari

Ingelif (Imbjør?)

Marit

Iver hadde 3 sønner:

Ole Iversen, neste brukar

Knut Iversen, seinare brukar, g.m. Ragnhild Olsdtr.

Jon Iversen, f.ca.1697 d.1754, seinare brukar, g.m. Randi Olsdtr.

I 1711 var Oluff brukar av Mitstorig. Ole Iversen hadde sonen Knut Olsen på Stranden

Løytnant Friedich Malvug panta til seg midtre Storvik for 342 rd. Han overdrog i 1721 garden til løytnant Oluf Eilertsen for pantesummen og sine utlegg. Det vart teke atterhald om at dei som hadde odelsrett kunne løyse inn garden for same summen. I 1723 var Ole Eilertsen eigar av 1 hud 5 ½ skinn, medan Ole Iversen Sandbu eigde 9 ½ skinn og Lesja prestgard 3 skinn.

Knut Iversen overtok i 1725 1 hud 4 ½ skinn i Mit Storig, han betalte 366 rd. som var både for pantebrevet og synfaringa. Den eldre broren Ole Iversen hadde overdrege beste odelsretten til Knut. Knut Iversen og hans kvinne Ragnhild Olsdotter fekk i 1755 føderåd på livstid.

I 1738 fekk Jon Iversen Storvik skjøte frå Oluf Sandbu på 10 skinn og 2 fetlingar (2 fetl. tilsvarar ½ skinn) i Midtstorig. Det ser ut til at Jon i 1732 også har overteke 1 hud 4 ½ skinn frå broren Knut Iversen og slik vorte eigar av 2 huder 3 skinn. Lesja prestebol eigde fortsett 3 skinn, dette vart nemnd i 1736. Jon Iversen var gift med Randi Olsdotter, ho var syster til Ragnhild slik at Jon og Randi overtok etter bror sin og syster si. Som enkje kjøpte Randi i

1755 odelsretten frå svogeren Ole Iversen og sonen hans Knut Olsen Stranden. Viss andre slektningar ville ta garden på odel skulle dei betale 1800 rd. for dei utlegga Randi hadde hatt. Jon og Randi hadde 3 barn:

Ragnhild f.ca.1737, neste brukar

Anne f.1740, g.m. Ingebret Schienna d.før 1754

Rønnaug f.ca.1745, g.m. Jon Arnesen Råstad nordg. f.ca.1737 d.1824

Ragnhild Jonsdotter Storvik f.ca.1737 d.1809 vart 1756 gift med Danemann Christopher Jacobsen Dahle f.ca.1723 d.1797. Dei overtok i 1757 Storvik 2 skinn 3 huder samt bygsel av 3 skinn Lesja mensalgods, kjøpesummen var 1100 rd. Ragnhild og Christopher hadde 8 barn:

Jon f.1757, neste brukar

Ingri f.1760, g.m. Hans Knutsen nördre Stade

Jacob 1763-1763

Rannej f.1764, g.m. Tiøstel Poulsen Rottem 1764-1825, til øvre Stasviken i Lom

Ragnhild f.1768, g.m. Gulbrand nedre Skår

Jacob f.1771, d.før 1797

Knut 1774-1839, seinare brukar

Imbjør 1781-1867, g.m. Jo Nyrnes 1770-1855, til Trælviken



Bak arbeidsgjengen ser ein megarden Storvik. Foto frå Unni og Terje Formo, Vågå historielags fotoarkiv.

Jon Christophersen f.1757 d.1843 fekk i 1798 skjøte frå syskjena sine på Midt-Storvig 2 ½ hud for 999 rd. Jon Christoffesen vart i 1813 gift med enkja Anne Nilsdotter Selatungen f.ca.1761 d.1848. Ho var tidlegare gift med Thor Thordsen Sælatungen f.ca.1841 d.1811, dei hadde 3 barn: Nils Torsen Sælatungen f.1793, Anne 1784-1840 g.m. Christen Olsen Løften, og Marit f.1786 g.m. Ole Syversen Nyhus.

Knut Christophersen 1774-1839 var i Trælviken frå 1803. Han overtok i 1817 megarden Storvik 2 huder 3 skinn frå broren Jon for 656 spd 8 sk. Knut Christoffersen Storvik var gift med Rønnaug Pedersdotter Nyrnes 1778-1869, dei hadde 7 barn:

Christoffer 1805-1884, neste brukar

Ragnhild f.1810, g.m. Syver Johannessen Grevrusten 1827-1912

Barbra f.1811

Barbra f.1813

Jacob

Jon f.1816, g.m. Kari Iversdr. Kongelhaugen f.1822, til Storvikseie nördre Lykkje (Bergli)

Mari, g.m. Jørgen Johannesen Visdal 1810-1882, til Odde u. Garmo

Christoffer 1805-1884 overtok Storvik for 1000 spd ved skifte etter faren i 1842. Christoffer vart 1862 gift med Mari Knutsdotter Klonesbakken 1833-1917. Storvik vart seld med auksjonsskjøte i 1875, men Christoffer og ektefella hadde att føderåd. Kristoffer og Mari hadde 6 barn:

Rønnaug f.1855

Knut 1858-1925, g.m. Ragnhild Olsdr. 1856-1938, til Ulsbu, dei hadde dottera Rønnaug 1887-1960

Mari f.1861

Knut f.1863

John f.1866

Jacob 1868-1878

Steinar Johannessen Sveine fekk i 1865 auksjonsskjøte på Storvik for 3000 spd. Steinar Johannessen Sveine 1812-1879 var son til Johannes Hansen Stamstad Sveine f.1788 og Anne Steinarsdr. nig. Sulheim f.1779. Steinar var gift med Anne Jørgensdotter Sveine 1835-1911, dotter til Jørgen Erlandsen Haugen Sveine f.1793 og Anne Pedersdr. Skjedsvold f.1800.

Steinar og Anne hadde 9 barn:

Anne 1861-1934, g.m. Iver Bu 1853-1934

Anna f.1863, g.m. Torstein Lyngved. Til Amerika.

Johannes 1864-1952, neste brukar

Jørgen 1866-1932, g.m. Eldrid Storvik syg. 1867-1949.

Mari f.1869, g.m. Ivar Nilsen Valde 1865-1853. På Sande.

Kari f.1870-1957, g.m. Ivar Torsen Valde n. 1865-1951. På Valdvik.

Ymbjør 1873-1943, g.m. Johannes Jakobsen Sandbu nordg. 1864-1932

Guri f.1875, g.m. Kristoffer Hole f.1873

Hans 1877-1951, g.m. Helene Lundh f.1882



Megarden Storvik. Foto frå Hans Joramo, Vågå historielags fotoarkiv.

I 1914 fekk Johannes J Storvik skjøte på Storvik frå arvingane etter Steinar og Anne Sveine for 2500 kr samt lausøyre kr 1100,-. Johannes var gift med Marit Skjedsvoll 1888-1967, dei hadde 4 barn:

Anne 1917-1994, g.m. Ottar Kaldhusdal 1915-1997

Ragnhild f.1921, ugift. Til Oslo.

Steinar f.1925, neste brukar

Johan f.1929, ugift. Til Osloområdet.

Steinar f.1925 overtok Storvik i 1951. Han vart 1951 gift med Kari Bakke f.1926 dotter til Otto Bakke og Anne Hølmo. Steinar og Kari har 2 barn:

Jehans f.1952, neste brukar

Oddveig Marianne f.1960

Jehans f.1952 overtok Storvik i 1991. Han vart 1979 gift med Irene Hansine Olsen, Tromsø f.1954 dotter til Bjørnar Olsen f.1931 og Guri Hansen f.1933. Jehans og Irene hadde 5 barn:

Bjørn Steinar f.1980

Vegard f.1982

Knut f.1984

Maria 1991-1991

Jehans f.1992

Simonsneset skog. I 1822 var det skjøte frå Knut Christoffersen megarden Storvik til Ole Haagenstad og Tord Storvik n. på ein del skog og gardens andel i plassen nørdrre Simonneset for 300 spd. I 1823 var det skjøte på eit skogstykkje 1 ½ skinn frå Tord Olsen nordgard Storvik til broren Hans Olsen Øy (Gardsøy) og Hans Andersen Raastad for 100 spd., Tord heldt att nørdrre Neset. Råstadteigen er gnr. 102 bnr. 2, medan dei andre skogteigane er ein del av Gardsøy gnr. 22 bnr. 1 og Håkenstad gnr. 26 bnr. 1.

Nyhus gnr. 102 bnr. 5 vart frådelt i 1923 med skjøte i 1924 frå Johs. Storvik til Ole E Moen 1869-1929 for kr 2000. I 1944 var det auksjonsskjøte til Anne P Nyhus 1875-1967 for kr 2000. I 1949 var det skjøte frå Anne P Nyhus til sonen Ragnvald O Nyhus for kr 959 pluss føderåd. Systersonen Asbjørn Nyhus f.1922 overtok med skjøte i 1963.

Øvre Nyhus gnr. 102 bnr. 10 vart frådelt frå Nyhus i 1954 med skjøte i 1955 frå Ragnvald Nyhus til Pauline Nyhus. I 1978 vart øvre Nyhus overført til Karen Jensen f.1940.

Ramen gnr. 102 bnr. 6 vart frådelt i 1923 med skjøte i 1924 frå Johs. Storvik til Hans Haugen for kr 2000. I 1963 var det skjøte til Mathias Ramen og same året vidare til broren Harald f.1926.

Haugen bnr. 11 vart frådelt frå Ramen i 1963 med skjøte frå Mathias Ramen til systema Kari Solbrekken. I 1965 var det skjøte vidare til Hans Ramen 1915-1991. Hans Magne Ramen f.1962 og Per Helge Ramen f.1968 overtok Haugen i 1991.

Storviksbrenden gnr. 102 bnr. 7 vart frådelt i 1940 med skjøte frå Johs. Storvik til Knut H Brenden for kr 3000. Brit J Brenden fekk heimel ved uskifte i 1945, sonen Jacob f.1903 overtok i 1947. I 1984 var det heimelsovergang til Agnes Bergli f.1927. Jan Arne Bergli f.1972 fekk skjøte i 1990, Agnes Bergli og Johannes Myren skulle ha burett.

Brennhaugen bnr. 12 vart frådelt frå Brenden i 1971 med skjøte frå Jakob Brenden til broren Knut K Brenden f.1901. I 1972 var de skjøte vidare til Carsten Brænden 1929-1988, Elsa f.1929 overtok ved uskifte i 1989.

Ramstugu gnr. 102 bnr. 9 vart frådelt i 1952 med skjøte frå Steinar Storvik til Mathias Enden for kr 2000. Marit f.1920 og Ivar Aasheim f.1912 fekk skjøte i 1963. Magnar Aasheim f.1949 fekk skjøte i 1977.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jon Kolden, 2002: Bygdabok for Lom 2

Sigmund Hanslin: skattelister

Kari Storvik

Gnr. 103

Storvik sygard

Kong Fredrik 2. fekk i 1586 skjøte på mykje gods frå Gyrvild Fadersdotter Sparre, enkje etter Hr. Lauge Brahe. Blant dette var 4 huder i sygard Storvik, dette godset vart nemnd fyrst på 1600-talet, og i tillegg eigde prestbolet 1 hud. Storvik var på 5 huder inkl. ei underliggjande kvern som utgjorde 1 hud.



Sygard Storvik. Foto frå Unni og Terje Formo, Vågå historielags fotoarkiv.

Olluff Storvik vart nemnd som leiglending frå 1610 til 1632, han hadde truleg sonen
Knut f.ca.1585, neste brukar

Knut Olsen Storvik f.ca.1585 d.før 1664 vart nemnd som leiglending frå 1637 til 1656. Han var gift med Ingebjørg Eriksdotter Helle f.ca.1585/1590 d.etter 1664, dotter til Erik Jonsen Helle f.ca.1548 d.før 1611. Knut og Ingebjørg hadde 4 barn:

Ola 1637-1697, neste brukar

Eli, g.m. Anders Persen Holbø n.

Ingebjørg, (iflg. P.Ø.Kvarberg var ho g.m. Ola Engebretsen Valde d.før 1645, g.2.m.

Engebret Jakobsen Kvarberg n. d.1697/1698. Men dottera Aaste var gift med Ola Knutsen Storvik 1637-1697, Aaste ville da ha vore gift med onkelen sin)
Sidsel, g.m. Sigurd Sigurdsen Sandbuø-n

Ola Knutsen Storvik 1637-1697 betalte bygsel av 4 huder krongods i 1662. Han vart også nemnd som oppsitjar i 1666 og 1668 og brukte da krongodset 4 huder og 1 hud som tilhøyrdte prestbolet. Ola var gift med Aaste Olsdotter Valde s f.ca.1645 d.1712, dotter til Ola Engebretsen Valde s. d.før 1645. Ola og Aaste hadde 6 barn:

Knut 1670-1752, neste brukar

Oluf

Jon, i 1705 på Holen

Ingeborg d.ca.1700

Berte f.ca.1670 d.etter 1728, g.m. Jon Tjøstolvsen s Kleppe f.1663 d.etter 1728

Ingeborg, g.m. Iver Christensen Fellese f.ca.1665 d.1727

Knut Olsen Storvik 1670-1752 var gift med Rønnaug Christensdotter Fellese 1670-1746 dotter til Christen Hansen Fellese 1624-1702 og Kari Jonsdr. Helle f.ca.1625 d.etter 1702.

Knut og Rønnaug hadde 4 barn:

Ola f.før 1713, neste brukar

Hans f.1713, g.1740 m. Rønnaug Jonsdr. n. Storvik f.1711, på nordgard Storvik

Johannes f.1716, g.m. Åste Jonsdr. Mo 1711-1781, på Mo

Jon d.1774, g.m. Rønnaug Engebretsdtr. Valde s f.1723 d.ca.1773, til u. Garmo

Ola d.1757, g.m. Marit Hansdr. Sande f.ca.1715, på Sande

Ola Knutsen Storvik f.før 1713 overtok i 1737 bygsel på Storvik frå enkja etter Anders Munch, dette må vera 1 hud som tilhøyrdte Vågå prestebol. Ola var gift med Barbro Olsdotter Sandbu nordgard dotter til Ola Iversen Lunde nig f.ca.1670 d.etter 1744 og Kari Tordsdr. Bjølstad f.ca.1677 d.1719. Ola og Barbro hadde 2 barn:

Ola 1736-1827, neste brukar

Rønnaug f.1739 d.etter 1804, g.m. Jakob Øysteinsen Kvarberg ø 1738-1804, til Åseng

Ola Olsen Storvik 1736-1827 fekk i 1764 skjøte frå faren på Storvik 4 huder for 380 rd. I 1763 fekk han bygsel på 1 hud frå presten Storm. Ola var gift med Barbro Larsdotter Valbjør 1744-1824 dotter til Lars Trondsen Valbjør 1706-1788 og Ingebjørg Andersdr. Viste d.1745. Ola og Barbro hadde 6 barn:

Barbro 1767-1776

Kari 1774-1860, g.m. Gudbrand Knutsen Huden 1770-1821, til Rusnes

Knut 1777-1842, neste brukar

Barbro 1782-1811, g.m. Hans Rolvsen Einarsvoll 1762-1840

Lars 1786-1869, ugift

Eldri 1791-1850, g.m. Syver Olsen Øy 1792-1875, til Faukstad nördre

Knut Olsen Storvik 1777-1842 fekk i 1805 skjøte frå faren på Storvik 4 huder for 999 rd. og bygsel på 1 hud frå presten Wang i 1812. Knut var gift med Eldri Trondsdotter Valbjør 1777-

1836 dotter til Trond Larsen Valbjør 1749-1807 og Barbro Pålsdr. Tolstad 1755-1807. Knut og Eldri hadde 4 barn:


Ola 1805-1872, neste brukar

Barbro 1810-1887, seinare brukar

Trond 1816-1851, ugift, men hadde med Mari Jakobsdotter Ringneset 1817-1871 dottera

Mari 1839-1912, g.1862 m. Ole Rasmussen Brun 1833-1917, i Maristugu

Ingeborg 1819-1830



Sygard Storvik. Foto frå Unni og Terje Formo, Vågå historielags fotoarkiv.

Ola 1805-1872 fekk i 1842 skjøte frå syskjena på Storvik 4 huder 1 skinn for 1476 spd. I 1843 fekk han kongeleg skjøte på 1 hud for 400 spd. Ola vart 1842 gift med Mari Olsdotter nigard Kvarberg 1803-1851 dotter til Ole Pålsen Tolstad 1770-1840 og Anne Iversdr. Kvarberg 1781-1856. Ola og Mari hadde ikkje barn.

Barbro Knutsdotter Storvik 1810-1887 vart 1835 gift med Ivar Johnsen Valde s 1810-1896 son til John Ivarsen Valde 1786-1866 og Kari Jakobsdr. Sandbu n-n 1788-1867. Dei overtok Valde i 1835, og overtok sygard Storvik ved Ola Knutsens død i 1872. Barbro og Ivar hadde 5 barn:

John f.1836 d.før 1851

Kari 1837-1897, neste brukar

Eldri 1841-1911, g.m. Nils Andersen Strand n 1836-1813, på sygard Valde

Mari 1846-1848

John 1851-1864

Kari Ivarsdotter Storvik 1837-1897 vart 1866 gift med Ole Olsen oppigard Viste 1831-1922 son til Ole Iversen Viste 1776-1852 og Guri Tordsdr. Olstad, Sel 1793-1852. Kari og Ole fekk skjøte frå Ivar Johnsen Valde i 1873. Kari og Ole hadde 1 barn:

Eldri 1867-1949, neste brukar

Før ekteskapet hadde Kari med Ole Knutsen Rusnes 1835-1888 dottera:

Mari 1864-1902, g.m. Øystein Eriksen Kvarberg ø 1849-1924

Eldri Olsdotter Storvik 1867-1949 var gift med Jørgen Steinarsen Storvik m. 1866-1932, son til Steinar Johannessen Sveine 1812-1879 og Anne Jørgensdr. Sveine 1835-1911 på megarden Storvik. Jørgen fekk i 1897 skjøte på Storvik frå svigerfaren for 8000 kr. Eldri og Jørgen hadde 6 barn:

Ola 1890-1971, neste brukar

Anne 1893-1986, g.m. Reidar Thorkildsen 1892-1954

Ivar 1895-1990, g.m. Anne Olsdr. Skjellhaugen 1893-1977

Kari 1898-1989, ugift

Signe 1903-1984, g.m. Ola Olsen Aanstad 1901-1965

Einar f.1908, g.m. Ruth Johansen 1913-1999

Ola Jørgensen Storvik 1890-1971 var gift med Hjørdis Antonsdotter Storvik 1899-1991 dotter til Anton Iversen Storvik n 1869-1949 og Ella Wolf 1875-1934. Ola overtok etter faren med skjøte i 1915 med påteikning 1919 og tinglyst 1920 for kr 40000,- inkl. lausøyre kr 8000,- samt føderåd til foreldra verdsett til kr 2000,-. For kjøpesummen var det pant i eigdommen med kr 8000,- til kvar av det fem syskjena. Nedre Storvik gnr. 103 bnr. 5 vart frådelt i 1919 og følgde ikkje med i overdraginga. Ola og Hjørdis hadde 6 barn:

Ellen f.1920, g.m. Wollert Krohn, Molde 1912-1970

Jørn f.1922, ugift

Eva f.1924, neste brukar

Anton f.1926, g.m. Rosemarie Liepert f.1935

Oddrun f.1928, g.m. Leif Svendsen

Kari f.1932, g.m. Bernolf Næss 1931-1981

I 1933 vart Storvik seld på tvangsauksjon og det var auksjonsskjøte til Ellen O Storvik for kr 69900,- og overtaking av føderåd. I 1941 var det auksjonsskjøte for kr 69200,- til Ola J Storvik som såleis på nytt fekk heimelen til Storvik.

Eva og Kjell Bodin overtok Storvik i 1954. Det vart da tinglyst føderådskontrakt frå Eva og Kjell Bodin til Ola og Hjørdis Storvik samt Jørn Storvik verdsett til kr 13000,-. Det vart samtidig tinglyst pantobligasjonar med kr 8000,- til kvar av syskjena Ellen, Oddrun og Kari, broren Anton overtok ein skogteig. Eva Olsdotter Storvik f.1924 vart 1946 gift med Kjell Bodin, Kristiansand 1919-1993, son til Henry Bodin og Lilly Gunderse Skuggevik. Eva og Kjell hadde 3 barn:

Unni f.1948, neste brukar

Lisbeth f.1951, gift/skilt Arvid Jordet

Ola f.1956, g.m. Elisabeth Hansdr. Hølmo f.1961

Unni Olsdotter Storvik f.1948 vart 1970 gift med Terje Arvid Haraldsen Formo, Sel f.1948, son til Harald Formo f.1917 og Kari Nasset f.1922. Unni og Terje overtok i 1979, dei har 3 barn:

Lars f.1971, neste brukar

Øistein f.1973, til Kviten

Jørn Ola f.1981

Lars var sambuar med Unni Haugen f.1974, dei har 2 barn:

Mari f.1996

Harald f.1999



Sygard Storvik. Foto frå Hans Joramo, Vågå historielags fotoarkiv.

Butikk Tessand. I 1928 vart det tinglyst bygsel på ei ca. 1 mål stor tomt frå Ola J Storvik til Ivar Storvik og Anton Løkken. (I 1944 vart det tinglyst kontrakt frå Storvik & Løkken til Ottadalen kommunale billag på feste av ei hustomt, same året fekk bankane pant frå OKB i pakkhus på Tessanden.) I 1984 vart tomte 860 m² gnr. 103 bnr. 52 frådelt frå sygard Storvik med skjøte i 1985 til Vågå samvirkelag. Samtidig var det skjøte på bygningen til Vågå samvirkelag frå Ivar A Løkken, Johs A Løkken, Brit Finnøy, Eldrid Holen og Anne Skjåk.

Bjørklund Tessanden 11. I 1930 var det bygsel frå Storvik & Løkken til Ivar Brun på ½ mål tomt av deira bygsla tomt. Ivar Brun 1900-1978 var gift med Karen Johannesdr. Perstuen 1903-1979, sonen var Rasmus Brun f.1930. Tomte 1060 m² gnr. 103 bnr. 53 vart frådelt frå sygard Storvik i 1985 med skjøte til Oddveig f.1960 og Are Kvåle f.1955, truleg har dei overteke huset same tida. Arild Bergli f.1949 overtok både hus og tomt med skjøte i 1987.

Nørdre teig nr. 3 gnr. 103 bnr. 16 vart frådelt frå Storvik i 1944. I 1949 finn vi at Sigurd Nyhus på nørdre Tessanden gnr. 86 bnr. 5 var eigar av denne skogteigen, i 1990 var dottera Ingrid Tessneset eigar av desse eidedommane.

Teig 1 og 2 gnr. 103 bnr. 26 vart frådelt frå sygard Storvik i 1954 med skjøte frå Ola J Storvik til sonen Anton Storvik f.1926 for kr 17000,-. Anton var gift med Rosemarie Liepert f.1935.

Ness midtre gnr. 103 bnr. 3 vart frådelt frå sygard Storvik i 1912 med skjøte frå Jørgen Storvik til Peder J Næss for kr 2100. I 1952 var det skjøte frå Peder J Næss til sonen Jo P Næss f.1931 for kr 8000 pluss føderåd til Peder d.1956 og hustru d.1987.

Asplund gnr. 103 bnr. 13 vart frådelt frå Nettet i 1932 med skjøte til Vågå fattigvesen for kr 900.

Lykkja (øvre Storvikslykkja) gnr. 103 bnr. 6 vart frådelt frå Storvik i 1921 med skjøte frå O. J. Storvik til Johs. Løkken for kr 6500. I 1925 var det skjøte frå Johs. Løkken til Kristoffer Løkken og hustru for kr 1000 samt føderåd (skjøtet vart tinglyst i 1951). I 1951 var det skjøte frå Kristoffer og Klara Løkken til sonen Jørgen K Løkken d.1978 for kr 3000 inkl. lausøyre pluss fødeåd. Ektefelle Ragna f.1922 fekk tinglyst overgang til uskifte i 1978. Kristoffer Syver Løkken f.1962 fekk skjøte i 1985.

Heimly gnr. 103 bnr. 19 vart frådelt frå Lykkja i 1952 med skjøte frå Jørgen Løkken til Knut A Nettet f.1894 og Marie J Nettet f. 1896, i 1975 var det skjøte frå dei til Ragnar K Løkken f.1941.

Lyseth gnr. 103 bnr. 29 vart frådelt frå Lykkja i 1959 med skjøte frå Jørgen K Løkken til Olav K Løkken 1924-1990, Olga overtok heimelen ved overgang til uskifte i 1990.

Nettet søre gnr. 103 bnr. 7 vart frådelt i frå Storvik i 1921 med skjøte frå O J Storvik til Anders Nettet for kr 5400. I 1935 var det skjøte på Nettet og Breidokken gnr. 118 bnr. 1 frå Anders H Nettet d.1945 og hustru Rønnaug d.1946 til sonen Ola A Nettet for kr 2850 inkl. lausøyre kr 1400 samt føderåd til Anders, Rønnaug og sonen Torstein. I 1973 var det skjøte frå Ola A Nettet til sonen Anders O Nettet f.1935.

Lykkja (nedre Storvikslykkja) gnr. 103 bnr. 8 vart frådelt frå Storvik i 1921 med skjøte frå O J Storvik til Ivar T Løkken for kr 5400. I 1925 var det skjøte frå Ivar T Løkken og hustru til sonen Svein I Løkken for kr 4850 inkl. lauslyre kr 850 pluss føderåd. I 1963 var det skjøte frå Svein Løkken til Ivar T Brenna for føderåd kr 9000 til Svein I Løkken d.1968 og Torsten I Løkken d.1964. I 1989 var det skjøte til Kari Brenna Randen f.1950 og Odd Randen f.1943, Borghild og Ivar Brenna d.1990 hadde burett.

Enden gnr. 103 bnr. 9 vart frådelt frå Storvik i 1921 med skjøte til T. O. Enden for kr 5000. I 1957 var det skjøte frå Torstein Enden til Reidar Aasheim f.1918 for kr 1264 pluss føderåd verdsett til kr 5000 for Torstein d.1961 og hustru Anne samt Mari d.1958 . I 1976 var det skjøte til Ruth Anna Bergdølmo f.1944 og Gudmund Bergdølmo f.1940, Reidar og Gudrun Aasheim heldt att burett.

Tesshaug gnr. 103 bnr. 33 vart frådelt frå Enden i 1967 med skjøte frå Reidar Aasheim til dottera Ruth Anna Bergdølmo og hennar ektefelle Gudmund Bergdølmo.

Bjørkli gnr. 103 bnr. 31 Bruvegen 102 vart frådelt frå Storvik i 1962 med skjøte frå Eva og Kjell Bodin til Rasmus Enden f.1896. I 1970 var det skjøte frå Rasmus Enden til Asmund Løken f.1937, seljaren var onkel til kjøparen.

Upphaug gnr. 103 bnr. 12 vart frådelt frå Storvik i 1928. I 1939 var det auksjonsskjøte til Anton Løken d.1950 for 2452. Enkja Rønnaug overtok i 1950. I 1967 var det skjøte frå Rønnaug Løken til sonen Ragnar f.1939. Rønnaug f.1907 overtok att i 1980, same året var det skjøte vidare til sonen Magne d.1988. Enkja Magnhild Løken overtok ved uskifte i 1988 men døydde same året.

Haugheim gnr. 103 bnr. 30 Bruvegen 110 vart frådelt frå Upphaug i 1962 med skjøte i 1964 frå Rønnaug Løken til sonen Ragnar f.1939.

Nystugu gnr. 103 bnr. 18 vart frådelt frå sygard Storvik i 1949 med skjøte i 1950 frå O. J. Storvik til Syver K Ødegården for kr 4500. I 1967 var det skjøte frå Syver K Ødegården til sonen Knut S Ødegården og dottersonen Sigmund Tessneset f.1951 for kr 3415 samt føderåd til verdi kr 10000. I 1972 var det skjøte frå Sigmund Tessneset til onkelen Knut S Ødegård f.1930 på halvparten av eigedommen. I 1985 fekk Alf Tessneset f.1948 skjøte på eigedommen.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Sygard Storvik m.m.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Sigmund Hanslin: skattelister

Kari Storvik

Storvik nedre

Storvik nedre gnr. 103 bnr. 5 vart frådelt frå sygard Storvik gnr. 103 bnr. 1. i november 1919 tinglyst 1920. Da overføring av sygard Storvik frå Jørgen Storvik til sonen Ola vart tinglyst i 1920 følgde ikkje nedre Storvik med. I 1925 vart gnr. 25 bnr. 10 frådelt frå sygard Storvik med skjøte tinglyst i 1926 frå Ola J Storvik til faren Jørgen Storvik for kr 3000,-. Bnr. 10 vart så samanføyd med bnr. 5. Jørgen Steinarsen Storvik m. 1866-1932 var son til Steinar Johannessen Sveine 1812-1879 og Anne Jørgensdtr. Sveine 1835-1911. Jørgen var gift med Eldri Olsdotter Storvik sygard 1867-1949 og dei overtok sygard Storvik i 1897. Eldri og Jørgen hadde 6 barn:

Ola 1890-1971, g.m. Hjørdis Antonsdotter Storvik n. 1899-1991. På Storvik s.

Anne 1893-1986, g.m. Reidar Thorkildsen 1892-1954

Ivar 1895-1990, g.m. Anne Olsdtr. Skjellhaugen 1893-1977

Kari 1898-1989, ugift

Signe 1903-1984, g.m. Ola Olsen Aanstad 1901-1965

Einar Jørgen f.1908, neste eigar g.m. Ruth Johansen 1913-1999

Eldri Storvik døydde i 1949 og i 1953 vart det tinglyst overdraging til testamentarvingane Kari 1898-1989 og Einar Jørgen f.1908. Einar var gift med Ruth Johansen 1913-1999, dei hadde 2 barn:

Eldri 1937-1986, g.m. Sigurd Huseby

Anne f.1943, g.m. Steinar Simensen Killi

I 1990 var det heimelsevegning frå Kari Storvik og skjøte frå Einar Storvik med halvdelen til Anne Killi f.1943 og 1/8 kvar til kvar av barna til Eldri og Sigurd Huseby:

Sjur Huseby f.1963

Geir Huseby f.1966

Bård Huseby f.1966

Ingvild Huseby f.1971.

Festetomt nr. 1. I 1922 var det festekontrakt frå Jørgen Storvik til Ragnhild Repp d.1976 på ei tomt, kontrakta vart tinglyst i 1951. Marie Hoft fekk notert heimelseovergang i 1977, men på same tidspunkt vart festeretten overført til Eldrid Huseby 1937-1986 og Anne Killi f.1943 og skal gjelde i 80 år. Dei fekk også skjøte på huset. Sigurd Huseby som sat i uskifta bu etter 1986 overførde i 1990 sin halvdel til barna Sjur, Geir, Bård og Ingvild.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Sygard Storvik m.m.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Tessa mølle

På 1600 og 1700-talet hadde sygard Storvik kvern til verdi 1 hud. Dette var likeeins for nordgard Storvik. I 1907 var det kontrakt om at nordgard Storvik selde sin tredjedel av Tessa møllebruk til Ola O Storvik på sygard for kr 3600,-, det er uklårt om dette var kvernretten frå 1600- og 1700-talet.

Ivar Sande leigde Tessa mølle og jordbruk frå 1900 til 1910. Ivar 1966-1953 vart i 1910 nemnd som jordbrukar, mølle- og sagmester. Ivar var gift med Mari Storvik m. f.1869, dei hadde 2 barn:

Eldri 1895-1997, g.m. Tor Raastad 1888-1976

Anne f.1898, g.m. Albin Müller



Tessa mølle. Foto frå Unni og Terje Formo, Vågå historielags fotoarkiv

Tessa mølle gnr. 103 bnr. 11 vart frådelt frå sygard Storvik gnr. 103 bnr. 1 i 1925 med skjøte frå Ola J Storvik til møller Johannes Olsen for kr 40000,-. Inkludert var benstampe, sikti, skollemaskin, patenttørke, turbin, røyrgate, med hus og jordveg, elektrisitetsverk, med vassrett i Tessa elv, 30 h.krefter frå den tid at staten byggjer ut Tessa elv. Johannes Olsen Bakke, Vardal 1877-1939 var i 1920 møllar ved Håkenstad mølle. Johannes var gift med Marit Steinstuen 1881-1954 som fekk tinglyst uskifta bu i 1940. Johannes og Marit hadde 11 barn:

Rønnaug 1908-1995, g.m. Ola A Randen 1902-1978. Til Randsverk.
Johanne f.1910, g.m. Jon Synslien. Til Steinstugu.
Ole 1912-1991, g.m. Ragnhild H Løkken 1911-1993. På Valdeøy garden.
Olav 1913-1992, g.m. Mari Løkken f.1917. I Ruskelykkja.
Magnhild f.1914, ugift
John f.1916, g.m. Kari K Løkken f.1922. Til Storviksøy garden.
Magne f.1916, seinare eigar
Harald 1918-1993, g.m. Ragnhild Runningen f.1921. På øvre Runningen.
Anna 1919-2016, g.m. Rudolf Tessnes 1913-1995
Trygve f.1923, g.m. Ragnhild Sandnes f.1923. Til Vetlsætre m. i Lom.
Kristian 1923-2014, g.m. Kari Reidun Bruhaugen 1929-2018.

I 1952 overdrog Marit Olsen krafta til Vågå sparebank, medan det var skjøte på eigdommen frå Marit Olsen til Ola J Storvik for kr 2000,-. I 1962 var det skjøte frå Ola J Storvik til Magne J Bakke 1916-1980. Magne var gift med Signe Trælviken f.1921 dotter til Jon Trælviken 1889-1976 og Marit Brun 1888-1945. Enkja Signe fekk tinglyst uskifte i 1980. Gnr. 103 bnr. 57 som er ein del av tomta der bustadhuset ligg vart oppretta frå gnr. 103 bnr. 11 i 1999. Magne og Signe hadde 8 barn som fekk heimel på eigdommen frå 2012:

Mildrid Marit Oppheim f.1945
John Johannes Bakke f.1946
Signe Marie Bakke f.1947
Liv Øien f.1949
Bjørn Bakke f.1951
Grete Bakke Eggen f.1953
Ådne Bakke f.1956
Roar Bakke f.1962

Steinseth gnr. 103 bnr. 17, Tessanden 32 vart frådelt frå Tessa mølle i 1948 med skjøte frå Marit Olsen til John J Bakke for kr 200,-. I 1961 var det skjøte frå Jon Bakke til Rudolf Tessnes 1913-1995 for kr 17000,-. Rudolf var gift med Anna Johannesdtr. Bakke 1919-2016, dei hade barna Asbjørn 1940-1974 og Marit 1943-1943.
Hanna Tessneset f.1998 fekk heimel i 2021, ho er dotter til Lars Hansen Tessneset f.1966.

Tessvang gnr. 103 bnr. 28 vart frådelt frå Tessa mølle i 1958 med skjøte i 1962 frå O J Storvik til Anton O Storvik f.1926 for kr 1000,-. Dette er området der mølla stod. Gnr. 103 bnr. 56 vart frådelt frå Tessvang i 1999. Rosemarie Storvik f.1935 fekk heimel på baa bruksnummera i 2015.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Sygard Storvik m.m.
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Kari Storvik